



# Vik kommune

Plan/forvaltning

---

NVE

|           |             |               |             |            |
|-----------|-------------|---------------|-------------|------------|
| Vår ref.  | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Direktenr.  | Dato       |
| 14/772 -7 |             | Norvald Aase  | 90 73 26 35 | 13.03.2015 |

## MELDING OM VEDTAK

### Høyringsuttale konsesjonssøknad - Tura kraftverk og TVK kraftverk

Det er gjort følgende vedtak i saka:

#### KOMMUNESTYRET

#### **009/15Vedtak:**

##### Høyringsuttale til Tura kraftverk:

Utbygging av Tura kraftverk må ikkje medføra ulemper for vassuttaket for Seljadalen vassverk.

Veg frå fylkesveg til dam må demisjonera/prosjektera slik at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog.

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

##### Høyringsuttale til TVK kraftverk:

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Avstand og tilkomst frå kraftstasjon og fylkesveg samt avstand til strandsona må vurderast.

Samrøystes.

Med helsing

Oddbjørn Ese  
Rådmann

Norvald Aase  
Leiar for plan og forvaltning

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

# Sakspapir

«Sgr\_Beskrivelse»

«Spg\_Beskrivelse»

| Saksnr | Utval         | Møtedato   |
|--------|---------------|------------|
| 021/15 | Formannskapet | 05.03.2015 |
| 009/15 | Kommunestyret | 12.03.2015 |

| Sakshandsamar | Arkiv    | Arkivsaksnr. |
|---------------|----------|--------------|
| Norvald Aase  | K2 - S11 | 14/772       |

## Høyringsuttale konsesjonssøknad - Tura kraftverk og TVK kraftverk

### Rådmannen si tilråding

Høyringsuttale til Tura kraftverk.

Utbygging av Tura kraftverk må ikkje medføra ulemper for vassuttaket for Seljadalen vassverk.

Veg frå fylkesveg til dam må demisjonèrast/prosjekterast slika at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog.

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Høyringsuttale til TVK kraftverk.

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Avstand og tilkomst frå kraftstasjon og fylkesveg samt avstand til strandsona må vurderast.

### Formannskapet - 021/15

Olav Turvoll (Sp) er grunneigar i området til Tura kraftverk og vart samrøystes sagt ugild, jfr. forv.lov § 6, 1. og 2. ledd.

Rådmannen vart oppmoda om å gi ei grundig orientering når saka kjem til handsaming i kommunestyret.

**FS - vedtak:**

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjandeframlegg til vedtak:

Høyringsuttale til Tura kraftverk:

Utbygging av Tura kraftverk må ikkje medføra ulemper for vassuttaket for Seljadalen vassverk.

Veg frå fylkesveg til dam må demisjonera/prosjektera slik at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog.

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Høyringsuttale til TVK kraftverk:

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Avstand og tilkomst frå kraftstasjon og fylkesveg samt avstand til strandsona må vurderast.

Samrøystes.

**Kommunestyret - 009/15**

Olav Turvoll (Sp) er grunneigar i området til Tura kraftverk og vart samrøystes sagt ugild, jfr. forv.lov § 6, 1. og 2. ledd.

**KS - vedtak:**Høyringsuttale til Tura kraftverk:

Utbygging av Tura kraftverk må ikkje medføra ulemper for vassuttaket for Seljadalen vassverk.

Veg frå fylkesveg til dam må demisjonera/prosjektera slik at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog.

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og

fauna.

#### Høyringsuttale til TVK kraftverk:

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Avstand og tilkomst frå kraftstasjon og fylkesveg samt avstand til strandsona må vurderast.

Samrøystes.

#### **Vedlegg**

Konsesjonssøknad for Tura Kraftverk

Konsesjonssøknad - Aurland/balestrand /Vik/Høyanger

#### **Kort samandrag**

##### **Tura kraftverk**

Tura kraftverk AS har søkt NVE om konsesjon for utbygging av kraftverk i elva Tura.

Tura kraftverk vil nytte eit fall på 277 m i Tura mellom kote 654 og kote 377. Det er i tillegg søkt om å overføre vestre løp i elva frå kote 730 over i austre elveløp på kote 680. Vassvegen på 705 m og overføringsleidningen på 110 m skal gravast ned heile vegen med unnatak av ei elvekryssing under bru.

Det er behov for ny veg som tilkomst til røyrgetetrasé og inntak. Middelvassføringa i Tura er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 2,2 MW, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 6,6 GWh.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein ca. 1200 m lang strekning i elva Tura. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 32 l/s heile året.

Nedafor planlagde kraftverk , kote 344, er det i dag bekkeinntak for Statkraft sitt vasskraftanlegg Vikfalli.

Seljadalen Vassverk, som er drifta av Vik kommune, hentar råvatn frå Statkraft si røyrgate frå Tura til Hove.

I landbruks samanheng vert området i dag nytt til skogbruk og beite.

Bekkekløfta i Tura frå kote 375 til 700 er i samsvar med Naturbase registrert naturlokalitet.

Det er ut over dette ikkje registrert viktige raudliste artar eller anna verneverdig natur.

### **TVK kraftverk**

Norges Småkraftverk AS har søkt NVE om konsesjon for utbygging av kraftverk i elvane Tuftelvi, Vigdalselvi og Kolåselvi.

TVK kraftverk skal nytte eit fall på 490 m mellom kote 500 og kote 10 i Tuftelvi/Kolåselvi. Det er i tillegg søkt om å overføre vatn frå Vigdalselvi på kote 530 til hovudinntaket i Tuftelvi. Vassvegen på 2885 m skal i heilskap borast i fjell. Det er ikkje behov for ny veg i samband med tiltaket, men det må etablerast ei avkøyrsløp frå Fv 182 som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføring er 578 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1202 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 5 MW, noko som i følge søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 16,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på totalt 3425 m elvestrekning i Vigdalselvi, Tuftelvi og Kolåselvi. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på høvesvis 25 l/s og 15 l/s i Vigdalselvi og Tuftelvi om sommaren og 12,5 l/s og 7,5 l/s i vinterhalvåret.

I landbruks samanheng vert området i dag nytt til skogbruk og beite.

Det er i område registrert fire naturtypelokalitetar samt ein raudlisteart, alm. I tillegg er det i Artsdatabasen sitt artskart registrert ein art, stare.

Ut over vegtilkomst til kraftstasjonen, som skal oppførast ved fylkesvegen, er det ikkje behov for ny vegtilkomst til tiltaket.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

## Plan og bygningslova

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen økonomiske konsekvensar for Vik kommune.

### **Vurdering**

#### **Tura kraftverk.**

Utbygging av Tura kraftverk vil ha liten eller ingen innverknad på registrete naturtype lokalitet.

Minste vassføringa må vera av ein slik storleik at registrete naturtype lokalitet og anna natur og fauna ikkje tek skade.

Utbygging og drift av kraftverket vil ikkje ha innverknad på landbruksdrifta i området.

Vegen fram til dammen må demisjonera/prosjektera slik at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog.

Seljadalen vassverk hentar råvaten frå elva Tura. Utbygging og drift av kraftverket må ikkje medføre ureining eller andre ulemper for vassuttaket.

#### **TVK kraftverk.**

Utbygging av TVK kraftverk vil ha liten eller ingen innverknad på registrerte naturtype lokalitetar.

Minste vassføringa må vera av ein slik storleik at registrete naturtype lokalitet og anna natur og fauna ikkje tek skade.

Utbygging og drift av kraftverket vil ikkje ha innverknad på landbruksdrifta i området.

Ved oppføring av kraftstasjon må avstand og tilkomst til fylkesveg samt avstand til strandsona vurderast.



